

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 13. november

Stad: seminarrom 216 i HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold (arabisk), Kari E. Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk), Kjetil Berg Henjum (tysk) og Leiv Egil Breivik (instituttleiar).

Frå gruppe B: Kristian Rusten.

Frå gruppe C: Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe D: Stine Bach, Henriette Solheim og Elin Kristiansen

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær for rådet.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 5 om hms-plan blir trekt frå dagsordenen og i staden sendt på sirkulasjon til rådsmedlemene etter at haustens vernerunde ved instituttet er gjennomført.

Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøtet 2. oktober 2013

Referatet frå 2. oktober blir sendt ut til godkjenning saman med referatet frå rådsmøtet 13. november.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Breivik orienterte om stillingane som er under utlysing og tilsetjing ved instituttet:
- universitetslektorstillinga i arabisk har fått 13 søkjarar og framlegg til komité er sendt frå instituttet til fakultetet.
 - på engelsk litteratur har Laura S. Miles teke til i stillinga som førsteamanuensis. 14 personar har søkt stillinga etter Breivik som førsteamanuensis i engelsk lingvistik, og framlegg til sakkunnig komité er sendt fakultetet. Stillinga som førsteamanuensis i lingvistik etter Sandra Halverson har søknadsfrist 25. november.
 - 9 personar har søkt «dekan-vikariatet» som førsteamanuensis i italiensk litteratur, og komiteen er oppnemnd.
 - Instituttet sender over søknad til fakultetet om å få tilsetja i fast lektorstilling på japansk (50 prosent)
 - russisk har lyst ut eit undervisningsvikariat i 50 prosent stilling våren 2014-våren 2015. 13 har søkt.
 - Instituttet sender over utlysingstekst til fakultetet for fast lektorstilling på spansk (50 prosent). Utlysinga er blitt aktualisert etter at rektoratet godkjende utlysing av lektorstilling på arabisk.
 - Roxana Sobrino tok til som phd-student på spansk 1. november.
 - fakultetsstyret skal i november tilsetja i stillinga som førsteamanuensis i tyskspråkleg litteratur.
 - Dei tre rangerte søkjarane til den utlyste, opne postdoktorstillinga ved instituttet skal intervjuast i veke 47.

- Fem søkerar til stillinga som administrasjonskonsulent vart intervjuar tidleg i veke 46. Anne Hestnes vikarierer i stillinga fram til det er tilsett nokon fast, og i denne perioden vikarierer Thomas Brendefur for Hestnes i ekspedisjonen.
 - Signe Nilsen, som er studentmedarbeidar ved HF's infosenter, vikarierer i 20 prosent stilling med studieadministrativt arbeid.
 - Det er lyst ut ei administrativ stilling knytt til POLAME-prosjektet (40 prosent). Søknadsfrist 15. desember.
- B. Uthaug orienterte om omorganiseringa av etter- og vidareutdanninga ved UiB.
- C. UiB har laga nye nettsider med informasjon til eigne tilsette: www.uib.no/foransatte). Institutta ved HF er bedne om å evaluera sidene, og instituttleiinga har plukka ut ei gruppe med tilsette frå ulike stillingskategoriar.
- D. Noregs Forskingsråd (NFR) skal evaluera forskinga i språkfaga ved universitet og høgskular, inkludert framandspråka. Språkdisiplinen skal evaluerast i perioden frå desember 2013 til juni 2014. Litteraturdelen skal evaluerast frå november 2014 til mai 2015.
- E. Referat frå styringsdialog med fakultetet var sendt ut saman med innkallinga.
- F. Fakultetet arbeider med ein administrativ bemanningsplan for fakultetet, og det er annonsert eit allmøte om saka 20. november.
- G. Breivik orienterte om cotutelle-avtalar for phd-studentar. Dette har vore drøfta i leiargruppa ved fakultetet, og det er semje om å vera varsam med å inngå cotutelle-avtalar. Det er svært arbeidskrevjande å få på plass slike avtalar, og ein bør heller prøva å få til vanlege siderettleiarordningar der dette er aktuelt.
- H. I framtida vil institutta få full vikardekning for både dekan og instituttleiar, dvs full stilling i kvart tilfelle.

Sak 4 – rapport om oppfølginga av undervisningsrekneskapen ved IF

Uthaug orienterte om oppfølginga av undervisningsrekneskapen etter vedtaket i instituttrådet 16. mai 2012. Kari Haugland refererte til reaksjonar på at mange tusen timar er sletta frå rekneskapen. Uthaug meinte dette ikkje var urimeleg, og viste til dei mange kompensasjonsavtalane som er gjorde (m.a. 14 ekstraordinære forskingsterminar) og til at den ekstra forskningstida i forskingsterminar og frikjøp heile vegen er halden utanom undervisningsrekneskapen. Jørgensen meinte det førte til ubalanse i timefordelinga at nokre tilsette trekkjer til seg mykje av rettleiing på høgare nivå, og at det dessutan er blitt utvikla enkelte svært arbeidskrevjande undervisningsopplegg. Breivik viste til at masteroppgåver skal fordelast i fellesskap av faget og at instituttet har laga eigne rutinar for dette.

Veland og Henjum måtte gå før voteringa i sak 4. Henjum gav beskjed om at han støtta heile framlegget til vedtak. Det vart gjort nokre mindre redaksjonelle endringar før rådet røysta over framlegget til vedtak.

Vedtak (samrøystes):

(1) Rådet tek til vitende den framlagde rapporten om oppfølginga av undervisningsrekneskapen ved instituttet.

(2) Det blir gjort følgjande justeringar i "Retningsliner for bruk av undervisningsrekneskapen ved Institutt for framandspråk":

- medarbeidarar som deltek som sakkunnig medlem i ein tilsetjingskomité under forskningstermin eller frikjøp, får full utteljing for komitéarbeidet i undervisningsrekneskapen.*
- medarbeidarar som er heilt eller delvis frikjøpte for å leia eit forskingsprosjekt, får ikkje utteljing i undervisningsrekneskapen for rettleiing av stipendiatar og postdoktorar knytte til prosjektet.*

Det vart presisert i møtet at timar frå arbeid i tilsetjingskomitear kjem i tillegg til dei maksimum 46 timane ein kan få registrert på andre undervisningsoppgåver under forskningsterminar.

Sak 5 – ny hms-plan for instituttet

Saka er utsett og blir send medlemane på sirkulasjon

Sak 6 – orientering om økonomien ved instituttet

Uthaug orienterte om økonomien. Instituttet vil gå ut av året 2013 med eit overskot i driftsrekneskapen. Men overskotet er likevel mindre enn summen av midlar som er bundne opp til konkrete føremål, og instituttet går derfor inn i 2014 med eit reelt underskot. Driftsbudsjettet til instituttet har vore bra dei siste åra, men samstundes har instituttet høge utgifter til innleigde lærarar. Desse utgiftene vil vera ekstra høge i 2013 og 2014 på grunn av dei mange ekstraordinære forskningsterminane som er gitt i oppfølginga av undervisningsrekneskapen (sjå sak 4). Belastninga på budsjettet blir særleg hard sidan instituttet sjølv må dekkja dei sosiale kostnadene når løns- og honorarutgiftene går ut over 30 prosent av driftsbudsjettet til instituttet.

Det er lagt inn store inntekter frå etter- og vidareutdanninga i siste rekneskapsrapport: 2.4 millionar frå nettspansk, over 400 000 frå innføringskurset i spansk og over 270 000 frå kinesisk. Dette talet må justerast, og vil reelt sett bli mindre, men det er likevel tale om ein stor sum som er eit oppsamla overskot frå mange års vidareutdanning på spanskfaget. Som ein del av omorganiseringa av vidareutdanninga ved UiB, er ansvaret for økonomien lagt over til institutta. IF fekk dermed store summar lagt inn i budsjettet midt i året. Desse midlane har vi likevel fått lovnad om å få overføra til neste år, og vi må drøfta bruken av dei.

Reglane for overføring frå eitt år til neste er elles dei same som før. Berre driftsmidlane til stipendiatane, saman med eksterne løyvingar gitt i 2013, kan førast over til 2014.

Sak 7 – nye retningsliner for rådet ved Institutt for framandspråk

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek det framlagde utkastet til retningsliner for rådet ved Institutt for framandspråk.

Sak 8 – Krav om norskkunnskapar for utanlandske tilsette

Vedtak (samrøystes): Institutt for framandspråk støttar framlegget til retningsliner for krav om norskkunnskapar for utanlandske tilsette.

Haugland meinte det var viktig å få med i utlysingstekstane også i framtida at administrasjonsspråket ved instituttet er norsk. Bryn nemnde språkpedagogane frå Russland, som kvar er her tre månader årleg. I dette tilfellet bør ein kunna få unntak frå krava om norskkunnskapar.

Med «norskkunnskapar» i denne samanhengen meiner ein eigentleg «kunnskapar i norsk eller eit anna skandinavisk språk».

Sak 9 - ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef